



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Adresseliste

Vår dato: 10 OKT. 2011
Vår ref.: NVE 200804287-6 ki/baso
Arkiv: 312 / 053.10
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Bård Ottesen
22 95 95 28

Røyrvik Kraftverk AS – søknad om løyve til bygging av Røyrvik kraftverk i Kvam kommune, Hordaland – høyring

NVE har motteke søknad frå Røyrvik Kraft AS, datert 23.07.2008, om løyve til å bygge Røyrvik kraftverk i Kvam kommune. Det vert og søkt om å regulere Storavatnet, Vetlavatnet og Øyjordsvatn:

Storavatnet mellom LRV på kote 70 og HRV på kote 74
Vetlavatn mellom LRV på kote 70 og HRV på kote 72
Øyjordsvatn mellom LRV på kote 70 og HRV på kote 72

Røyrvik kraftverk vil utnytte fallet frå Vetlavatnet kote 72 til sjøen ca. kote 2. Vetlavatnet er planlagt nytta som eit inntaksmagasin, og søkt regulert med 2 meter senking. Regulering av Vetlavatnet vil også regulere Vasstanden i Øyjordsvatnet via kanal mellom dei to vatna. Storavatnet er planlagt nytta som reguleringsmagasin med 4 meter senking. Kraftverket vert liggjande på kote 2 med avløp til Røyrvikelva. Kraftverket er planlagt med installert effekt på 600 kW og den årlege produksjonen er berekna til ca. 2,1 GWh. Middelvassføringa i vassdraget er berekna til 567 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 900 l/s. Rørgata på ca. 850 m vil bli lagt i grøft på austsida av elva. Det er planlagt ei differensiert minstevassføring med slepp av 40 l/s i sumarsesongen (1/5 – 30/9) og 24 l/s i vintersesongen (1/10 – 30/4).

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Røyrvik kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort i Hordaland Folkeblad og Bergens Tidende av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Dersom de ynskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Bård Terje Røyrvik på tlf. 56 55 83 33 eller e-post: baard.terje.royrvik@kvamnet.no.

NVE ber Kvam kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Kvam Rådhus i Nordheimsund fram til **23.11.2011**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ynskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **23.11.2011**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Silje Aakre Solheim
for Øystein Grundt
seksjonssjef

Bård Ottesen
Bård Ottesen
overingeniør

Vedlegg: 4 Søknader til kommunen
Kunngjeringstekst
Informasjonsark
Adresseliste

Adresseliste for: Bygging av Røyrvik kraftverk

Handsamast etter: Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i: Hordaland Folkeblad og Bergens Tidende

Tal på søknadar	Namn/adresse
10	Kvam herad, Grovagjelet 16, 5600 Norheimsund
	Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen
	Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen,
	Naturvernforbundet Hordaland, Postboks 1201, 5811 Bergen
	NJFF Hordaland, , Tverrgt. 4/6, 5017 Bergen
	Bergen Turlag, Tverrgt. 4/6, 5017 Bergen
	FNF Hordaland, v/Bergen Turlag, Tverrgt. 4/6, 5017 Bergen
	BKK Nett AS, Postboks 7050, 5020 BERGEN
	Kvam Kraftverk AS, Postboks 64, 5601 Norheimsund
1	KM –Katarina Eftevand
1	KD – Oddvar Indrebø
1	ER – Seming Skau

- KUNNGJERING -

Røyrvik Kraftverk AS – Søknad om løyve til Røyrvik kraftverk i Røyrvikelva i Kvam herad

NVE har motteke søknad frå Røyrvik Kraftverk AS om løyve til å bygge Røyrvik kraftverk i Kvam herad.

Røyrvik kraftverk vil utnytte fallet frå Vetlavatnet kote 72 til sjøen ca. kote 2. Vetlavatnet er planlagt nytta som eit inntaksmagasin, og søkt regulert med 2 meter senking. Regulering av Vetlavatnet vil også regulere Vasstanden i Øyjordsvatnet via kanal mellom dei to vatna. Storavatnet er planlagt nytta som reguleringsmagasin med 4 meter senking. Kraftverket vert liggjande på kote 2 med avløp til Røyrvikelva. Kraftverket er planlagt med installert effekt på 600 kW og den årlege produksjonen er berekna til ca. 2,1 GWh. Middelvassføringa i vassdraget er berekna til 567 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 900 l/s. Rørgata på ca. 850 m vil bli lagt i grøft på austsida av elva. Det er planlagt ei differensiert minstevassføring med slepp av 40 l/s i sumarsesongen (1/5 – 30/9) og 24 l/s i vintersesongen (1/10 – 30/4).

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn i Kvam Rådhus i Nordheimsund og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Røyrvik Kraftverk AS, v/Bård Terje Røyrvik på tlf.: 56 55 83 33 eller e-post: bard.terje.royrvik@kvamnet.no.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **23.11.2011**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan nyttast til dette.

Orientering til høyringspartane

Generelt

Frå 1. januar 2010 har fylkeskommunen heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av kraftverk med installert effekt inntil 1 MW. Dette gjeld m.a. ikkje saker i verna vassdrag. Løyve til større kraftutbyggingar blir gjeve av NVE eller Kongen i statsråd.

Denne orienteringa gjeld saker der fylkeskommunen kan gje løyve etter § 8 i vassressurslova.

Handsaming av søknaden fram til innstilling blir gjeve til fylkeskommunen

NVE sender informasjon om høyringa til kommunar, fylkesmenn (FM), fylkeskommunar (FK), statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er minst 6 veker. Saka vert kunngjort i minst ei avis i distriktet og kommunen legg søknaden ut til offentleg gjennomsyn, ev. utlån. Søknaden vert òg lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker med tilgang til å sende inn fråsegn elektronisk.

Søkjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring i området.

I heilskapsvurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve bør gjevast og i kva omfang, jf. vassressurslova § 25. Søknaden og innkomne høyringsfråsegner er viktige grunnlag for NVE si vurdering.

Dersom FK gjev løyve, kan det bli knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkåra kan omfatte byggjefristar, vasslepping, godkjenning av planar med omsyn til miljø og tryggleik, naturforvaltning, fornminne og sanksjonar ved ev. brot på vilkåra.

FK si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten.

Om det er søkt løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk/høgspennet overføringsanlegg, vil NVE gi naudsynnte konsesjonar etter at vedtaket er fatta av FK. Dei fleste høgspennanlegg med linjer kan byggast innanfor lokal netteigar sin områdekonsesjon.

Kva vert forventa av høyringsinstansane?

Kommunen bør gje grunngeevne synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ. Vi ber kommunen informere om kjende allmenne interesser (t.d. landskap, friluftsliv, fisk og vilt) som tiltaket kan få følgjer for, og ev. andre faktiske tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa. NVE ønskjer forslag til vilkår eller avbøtande tiltak som kan redusere ev. skader ved gjennomføring av planane. NVE ventar at kommunen omtalar tilhøve til kommuneplanen og andre kommunale planar.

FM bør leggja vekt på tilhøva omkring miljø, medrekna fisk og biologisk mangfald, og vurdere tiltaket i høve til sektorlovgevinga.

FK skal bidra med fagleg informasjon innafor eige ansvarsområde, men er ikkje høyringspart i NVE si forberedande sakshandsaming.

Motsegn og klagerett

I ny plan- og bygningslov er tilhøvet mellom konsesjonshandsaming og handsaming av planar for energianlegg endra for å sikre ei meir effektiv sakshandsaming. Det er ikkje krav om reguleringsplan. For å ta hand om retten til å fremja motsegn som kommunar og statlege fagetatar har hatt til reguleringsplanar, er det teke inn reglar i energi- og vassdragslovgevinga om motsegn og klagerett. NVE understrekar at ei ev. motsegn må fremjast i høyringsperioden. NVE syner til våre nettsider for meir informasjon: www.nve.no/konsesjonssaker.